

**Anette og Silje uttekne til fotballsamling.**

09.11.2006

**Som tidlegare omtala på uskedalen.no har kretsen arrangert regionale fotballskular rundt omkring i Hordaland. Ein av desse vart avvikla her i Uskedalen.**

Etter dette har dei sportlege ansvarlege plukka ut spelarar til sentral samling i Vestlandshallen søndag 19. november. Mellom det som har overbevist, og har kome gjennom nåleauget, er dei to Uskedals-jentene Silje Bråtun og Anette Sandnes. Begge har vore sentrale spelarar på småjentelaget, J-14, til Rosendal/Uskedal som nett har avslutta ein flott sesong. Dei får og følgje av Rosendals-jenta Tonje Skåla som spelar på same laget. Til gutesamlinga er ein spelar frå Uskedal/Rosendal teken ut. Det er den lovande storscoraren Vegard Ludvigsen. Gratulasjonar til alle fire!!  
Av Thor Inge Døsland